



Engasjerte tryllekunstnarar.

FestidaGen aktiviserer over 200 unge med spennande ting som vi ikkje opplever dagleg i Uskedalen. Ein tur innom Helgheim og Stemnplassen overtydde om at dette er noko som engasjerer. Og så veit eg at det er flust med andre spennande FestidaGenaktivitetar som pågår på andre arenaer.

I Helgheim var det skikkeleg magisk stemning då ei gruppe fekk ei første innføring i trylling av tryllekunstnar og semifinalist i Norske Talenter, Johann Ophaug frå Haugesund.

Tryllemeisteren fekk god kontakt med borna frå første stund då han lærte dei å trylla vekk ballar. Etter det lærte han dei det eine trikset etter det andre der det vart gjort forunderlege ting med forskjellige ting. Kursdeltakarane var konsentrerte og læreneme, og lærte seg triks som eg ikkje forstod eit kvekk av! Til saman 50 born frå ulike kringar og krokar får innføring i tryllekunsten desse to dagane. Så, pass på!

På Stemneplassen vart eg møtt av nokre ferdige rocketroll, og ei gruppe ivrige born som styrte og malte slik at det skulle verta fleire i rocketroll-familien. Ingeborg Lunde og Britt Inger Bø var læremeistrar, men dei hadde god hjelp av Even Sandal og Adina Bø Røssland som var frivillige medhjelparar fordi dei syntest det var kjekt å vera med.

Til saman skal 20 born laga sitt rocketroll, som skal plasserast på vegen opp til konsertområdet. Dei kjem til å gje konsertdeltakarane ein god velkomst! Knallflotte var dei.

Vi kjem med bilete av fleire rocketroll seinare.



Dei første rocketrolla er klare. Even(t.h.) og Ingeborg og Adina (t.v.)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland